

Vyrde Veiking!

I år kastar Veikingkonvoien loss for visstnok **16.** gong. Nok ein gong har presset frå Florøfolk, Værlendinga, Ålfotingar og andre føter gjort at vi rustar oss til landets største båtkonvoi!

*Fredag dreg vi til Sunnfjords perle; **Svanøya.***

Grendalaget stiller med ein vakker våg, rikeleg med flytebrygger, store telt og god stemning på kaiene. Her vert det god gammaldags kaidans og fest langt ut i dei små timar. Sjølsagt blir det servert kulinariske gleder for strupe og mage til langt på natt! Hugs Brylcreme og Stomatol!

*Laurdag vaknar vi som vanleg til strålende solskin! Etter sortering av dieselfilter, mjølkeglas, solkrem og kaviar, tek vi det store steget og kryssar kommunegrensa for første gong!! Vi dunkar oss nemleg heilt inn til kunst- og kulturbygda **Vevring** der bygdefolket inviterer til **Slåtte-rock**. Her skal vi nyte det late liv; preike med gamle kjende, spele gitar og jamme som det heiter. Elles skulle her vere aktivitetar for store og små. Ut på kvelden vert det mange kulturelle aktivitetar, konsertar, dans og jonsokbrising.*

Det er sjølsagt ikkje tilfeldig at vi dreg nettopp til Vevring i år. Vi veikingar er engsteleg for kva som vil skje når eit heilt fjell skal malast til steinmjøl og dumpast i fjorden. Vi kjem såleis til å markere vår uro ved å reise eit monument over denne dristige tanken. Bygginga av monumentet gjer vi på dugnad under kyndig og kunstnarleg leiing.

Vi ber alle Veikingar ta med seg ein høveleg stein!

Som vanleg er det grendelaga og lokale eldsjeler som gjer alt arbeidet. Vi i konvoileinga er nøgd med rosande omtale -og eit kyss på kinnet eller ein annan stad. Elles er det sjølsagt viktig for oss at konvoien går fint føre seg, utan slåsting, båtfull og anna farkeskap. Reknar med at alle veikingar gjer sitt til at desse strandhogga vert til gode opplevingar for alle. Avgifta, kr. 9,- pr. båt (=brevporto) betalar du på kaia. Båtar over 30 fot betalar dobbel avgift, men trøysta får vere at kajakkar går som B-post!

Hugs å kjøpe T-skjorte, veeel møøttt!

Fredag 22. juni:

1730: **Samling på Florevika ,rens av forgassar og slikt.**

1800: **Revelje – avgang**

1930: **Svanøya**

- **Konvoiaavgifta**
- **T-skjorter**
- **Sal av mat og Hansa-brus**

2200: **Øyadans!**

- **Grillmat og suppe!**

2500: **Song og spel i gavl og kratt**

Laurdag 23.juni:

0855: **Revelje, frukost**

0900: **Sortering av mjølkeglas, dieselfilter, solkrem og kaviar**

1200: **Revelje – avgang**

1400: **Landkjenning, Vevring**

- **Slåtterock, song og spel**
- **Sal av grillmat og Kinn-brus**
- **Konsertar og kulturelle innslag**
- **Monument-reising**
- **Jonsokbrising**

2200: **Konsert og dans med The Tramps, lettare servering**

2500: **Jag vill ha dig!**

Søndag 24. juni:

0855: **Revelje**

1100: **Høgmesse (hugs radio!) –heimreise.**



BestMarin

Solheim Diesel

Florø Bil & Havneservice AS

Strandavegen – 6900 Florø
Tlf. 57 74 05 30



Mobil 

Bunkring fra flytebrygge døgnet rundt

Florø Skyssbåt

TLF. 913 77 272 / 482 58 780 - www.skyssbat.no

www.krusereklame.no

Veikingkonvoien

2012

Florø - Swanøy - Vevring

22. - 24. juni



Veik - Varm - Velfødd

www.veikingkonvoien.com